



Lina Håland i Valen kyrkje

Lina Håland (30) vert 24. august ordinert til prest ved gudstenesta i Husnes kyrkje.

Ho vert også ny prest i Uskedalen. Sist helg var ho til stades under Festidalen og sa til uskedalen.no at ho tykte det var ei kjekk oppleving. Den nye presten er også ein engasjert korsongar og laurdag 23. august om kvelden har koret Abraham som ho er med i konsert i Valen kyrkje. Koret vert også med i ordinasjonsgudstenesta.

Lina har nyleg avslutta utdanninga som teolog ved Stavanger misjonshøgskule. Sist vinter heldt ho nokre gudstenestar på Husnes under praksisen sin i soknet.

Ho er frå Julabygda i Sandnes og relativt fersk medlem av Den norske kyrkje ettersom ho har vore medlem av ulike karismatiske trussamfunn frå ho var heilt ung og fram til for nokre år sidan.

Ho meldte seg inn i statskyrkja sist haust etter ei langvarig vurdering.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen